

vurderinger. Med Harkets bok har vi fått et viktig tilskudd til forståelsen av den prosessen som i 1814 ga oss vår grunnlov. Det gir grunn til ettertanke at det skulle ta 200 år før bakgrunnen for «jødeparagrafen» ble grundig belyst. Det er en betimelig utgivelse i en grunnlovsmarkering som ellers står i feiringens tegn. Samtidig har forskningen på antisemittisme i Norge fått et historisk ankerfeste man hittil har manglet.

*En kortere utgave av denne anmeldelsen har tidligere vært publisert på [salongen.no](http://salongen.no).*

#### **Frode Ulvund**

*Fridomens grenser 1814–1851.  
Handhevinga av den norske  
«jødeparagrafen»*

Oslo: Scandinavian Academic Press 2014,  
375 s.

*Av Nils Rune Langeland*

Frode Ulvund har saumfare korleis den for ettertida så illgjetne «jødeparagrafen» blei handheva frå 1814 til han etter lang tids offentleg engasjement med Henrik Wergeland i spissen endeleg blei oppheva i 1851. Grundig frå mange ulike kjelder har forfattaren grave ut desse gløynde og sett frå vår synsvinkel mest absurde og tragikomiske sakene mot nokre få einskilde personar av jødisk identitet som av ulike grunnar hamna innanfor riksgrensene. Mest som eit syngjespel å likne er historia om den skipbrotne austjøden Michael Jonas, som søkte naudhamn

i Bergen ved årsskiftet 1817–18, og fordi han viste seg å vere jøde, som den einaste av mannskapet blei assistert av ein politiadjutant og transportert den lange, strevsame reisa austover Filefjell vinterstid for å bli utvist frå riket. Ikkje underleg då at Henrik Wergeland blei inspirert til å skrive diktet «Skibbruddet» på bakgrunn av denne historia. Ulvund får i denne samanhengen godt fram eit norsk særkjenne etter 1814: Grunnlovsparagrafane blei frå fyrste stund nytta i den gjeldande retten. Dømstolar i fyrste instans dømde etter Grunnlova. Og desse sakene tyder på at det ålmenne forbodet mot jødar blei handheva konsekvent og strengt alt frå vinteren 1814.

Rett nok blei den tidlegare rettstilstanden frå før 1814 med leidebrev etter søknad innført att utetter i 1830-åra. Forfattaren får godt fram korleis naudlege omsyn som statslån formidla av det jødiske finanshuset Hambro til ein mest bankerott stat lempa på innreiseforbodet, og korleis dette kunne skje innanfor legale rårer ved at Justisdepartementet og Høgsterett gav nye autoritative tolkingar av § 2 i Grunnlova. Lykelen til nytolkingane var dette vesle ordet «fremdeles» i utforminga av forbodet mot at jødar kunne kome til Noreg. Dette er eit karakteristisk døme på dynamisk grunnlovstolking innanfor den tradisjonen amerikanske rettsteoretikarar ofte omtalar som «original intent». Kva var det *eigenleg* grunnlovsfedrane hadde meint desse vårdagane på Eidsvoll? Nokre av dei største og viktigaste rettspolitiske stridane utetter på

1800-talet dreia seg om å kjempe fram autoritative svar på den opphavlege intensjonen bak grunnlovsparagrafar. Ikkje minst galdt det § 88, «*Til at domme i sidste Instants skal, saasart mueligt, organiseres en Høiesteret, der ikke maa bestaae af færre, end Justitarius og 6 Tilforordnede*». Tydde «siste instans» kompetanse eller plassering i rekkjefylgja av domstolar? Det same galdt den viktigaste av dei alle, vetostriden i 1880-åra. Så lenge Grunnlova blei sedd på som eit framtidssretta rettspolitisk program, kunne ideologiske kampar ta forma av slike grunnlovstolkningar. At tolkinga av forbodet mot jødar i § 2 alt tidleg vakla mellom svært ulike utfall, og at dette vedhenget rett og slett blei oppheva i 1851 etter å ha hatt stortingsfleirtal bak seg for det heilt sidan 1842, kan tyde på at intensjonen bak det konstitusjonelle jødeforbodet alt tidleg hadde falle ned i eit historisk mørker. Dette er dei viktigaste underliggjande spørsmåla i boka til Ulvund. For var den norske jødeparagrafen berre ei provinsiell attergløyme? Ei klønut stadfesting av ein gamal rettstilstand, som ikkje hadde vore særleg aktuell på lange tider, og som fylgjeleg rangerte langt ned på lista av alle dei brennande konstitusjonelle spørsmåla eidsvollsmennene måtte finne gode svar på under eit veldig tidspress? Eller representerte den norske jødeparagrafen noko nytt og aktuelt i 1814? I motsetnad til i rekonstruksjonen av jødesakene meiner eg at forfattaren her ikkje grev djupt nok. Han skal derimot ha ros for å ha rive til sides eit av dei møl-

letne gobelina som så lenge hadde løynt jødeparagrafen i banalitetens mørker, nemleg den folkelege fordomen. Intuitivt kunne det nemleg høve godt både med den demokratiske utforminga av Grunnlova og den sosiale strukturen i landet elles, at den norske konstitusjonelle ute-stengjinga av jødar kunne skrivast på kontoen folkeleg innverknad. Heilt frå Henrik Wergelands konstitusjonshistorie er forteljninga om den vidgjetne bondeføraren Theis Lundegaard frå Lista kjend og tradert vidare. Den ruvande bonden skal brått ha reist seg og ropa ut i salen: «*Staae op Alle, som ingen Jøder ville have i Landet!*». Og som ved ein elektrisk støyt reiste alle seg. Kjøleg og systematisk slær Ulvund denne forteljninga sund og forviser henne til mytane. Forteljninga om Lundegaard hadde i mest to hundre år illustrert det sjølvforklarande fenomenet folkelege fordomar. Men det held ikkje mål. Av dei femten medlemene av konstitusjonskomiteen var alle sivile, geistlege eller militære embetsmenn utanom brukseigar Jacob Aall. Av dei 112 utsendingane på Eidsvoll var 60 embetsmenn, 15 kjøpmenn og 37 bønder. Den folkelege majoriteten kverv bort. I staden møter vi på alle avgjerande punkt i prosessen eit stort tagalt fleirtal blant den nye nasjonens elite, berre brote av einskilde grunn-gjevingar i dagboksnotat og brev.

Lik ein røynd etterforskar søkjer forfattaren etter oversedde spor på åstaden Eidsvoll 1814. Den omfattande indisiekjeda han byggjer opp under hypotesen om at eit hanseatisk erfaringsrom i Bergen gav momen-

tum til innføringa av jødeforbodet i tråd med byens merkantile interesser, er både interessant og original. Men han ber ikkje heilt fram. Av dei fire utsendingane frå Bergen til Riksforsamlinga i 1814, var ein så markert representant som Jonas Rein mot jødeforbodet, og ingen av kjøpmannsrepresentantane tok ordet. Ulike former for kontakt med Bergen på ulike tidspunkt i livsløpet for representantar som støtta jødeforbodet blir rett og slett noko søkt som ei fullgod forklaring.

Fikenbladet «*fremdeles*» som blei brukt både av Høgsterett og av ein av paragrafkonsipistane sjølv, Nicolai Wergeland, i stortingsdebatten om paragrafen i 1840-åra til å dekkje til den verkelege radikaliteten i det norske konstitusjonelle jødeforbodet av 1814, gjev ei ulogisk forklaring på mysteriet i Grunnlovas § 2. Dette vedgår forfattaren her, og det er òg gjort eit nummer ut av i den nyleg utkomne boka *Paragrafen*, skriven av idéhistorikaren Håkon Harket. For eit forbod mot jødar nedfelt som éi av elleve grunnsetningar for Grunnlova var slett ikkje naudsynt for å halde oppe den gamle rettstilstanden med leidebrev og unntak for dei såkalla portugisarjødane. Den norske grunnlova var den siste i ei stolt rekkje av revolusjonsforfatningar frå og med den amerikanske sjølvstendeerklæringa i 1776. Og Grunnlova som blei skriven på Eidsvoll våren 1814, henta inn element frå ei rad av dei mest kjende mellom desse. Men det norske konstitusjonelle jødeforbodet har ingen førelegg. Forfattaren tek ein rundtur i

det samtidige landskapet og hentar fram ei rekkje overtydande døme som set flaumljoset på denne særnorske radikaliteten. Fram til 1851 hadde Noreg ei av dei strengaste lovgevingane mot jødar i heile Europa. Berre Finland hadde òg eit tilsvarende formelt forbod mot jødar. Og i Spania stod utvisingsediktet frå 1492 enno ved lag fram til den nye konstitusjonen der kom i 1868. Det var ikkje slik at den norske konstitusjonelle jødefiendskapen ikkje blei lagd merke til i andre land i samtida. «Denne lille sorte Prik paa hiint Nordens lysglimrende *magna charta* er, naar Alt kommer til Alt, intet andet end et lille Brandmærke, et Slags *gangræna senilis* (koldbrann), skikket til at vorde Middelpunktet for en uberægnelig Ødelæggelsesproces.» Dette sitatet frå eit brev stila til stortingspresidenten Søren Anton Wilhelm Sørensen stod fyrst trykt over seks heile sider i *Allgemeine Zeitung des Judenthums* i 1840. Året etter stod det på trykk i dei opinionsdannande norske avisene *Den Constitutionelle* og i *Morgenbladet*. Til liks med revisjonen av historia om jødedeportasjonane forløyser det samanliknande perspektivet meiningsberande element or i og for seg kjende empiriske fakta rundt innføringa av jødeparagrafen i Grunnlova 1814. For kva historisk samanheng skal dette konstitusjonelle jødeforbodet eigenleg skrivast inn i? Berre nokre dagar før Riksforsamlinga sette seg på Eidsvoll, tok det no danske fridomsbrevet av 29. mars 1814 til å gjelde. Det la til rette for at jødar kunne bu og verke som

andre undersøttar under visse føresetnader. Sverige hadde i 1782 gjennom eit jødereglement opna opp for jødisk busetjing i byane Stockholm, Norrköping, Karlskrona og Göteborg på vilkår av at søkjarane kunne stille 2000 svenske riksdalar i kapital. Perioden 1780–1815 er av historikarar omtala som den fyrste fasen av den jødiske frigjeringa. Napoleon utstyrde jødar med fulle borgarrettar i områda han okkuperte. Men dette var overalt ei frigjering ovanfrå ofte i konflikt med ein folkeleg opinion blant bønder, arbeidarar og småborgarskap.

Ved å plassere den norske «jødeparagrafen» i denne samtidige konteksten gjer forfattaren spørsmålet om opphavet åt jødeforbodet endå skarpere, og dei konvensjonelle svara blir di meir utydelege. Til liks med Harket fylgjer han dei spora som fører til Christian Magnus Falsen. I eigenskap av redaktør for tidsskriftet *Den norske Tilskuer* blei han i 1817 skarpt utfordra av den jødiske konvertitten Heinrich Glogau om å forklare kvifor Grunnlova stengde jødar ute frå Noreg. Falsen svara at jødedomen stod i naudsynt motsetnad til ideen om ein nasjonal identitet. Jødane kunne ikkje bli gode borgarar i ein stat som ikkje var jødisk. Denne førestellinga om ein grunnleggjande motsetnad mellom jødisk identitet og moderne nasjonalstat peika fram mot eit heilt sentralt motiv i den nazistiske antisemittismen i det 20. hundreåret.

Men dersom avgjerande delar av den intellektuelle embetsmannseliten stod bak det konstitusjonelle

jødeforbodet i 1814, korleis har det seg at den same politiske eliten er for å endre paragrafen utetter i 1840-åra? Denne samanhengen eller rettare brotet gjev ikkje forfattaren noka forklaring på i boka si. Her kan vi berre spekulere. Den såkalla «intelligenskretsen» med namn som Frederik Stang og framfor alt Anton Martin Schweigaard i spissen innleier den norske embetsmannsstasens klassiske stordomstid i form av både eit generasjons- og intellektuelt brigde i 1830-åra. Dei var elitære liberalarar som sette teknokratiske prosjekt føre nasjonal patriotisme. I 1817 var òg Falsen på veg bort frå ånda frå Eidsvoll. Han var desillusjonert over bøndene og på glid i høve til maktfordelingsprinsippet og anna i Grunnlova. Men det kan vere at synet på jødane som ein politisk fare var ein rest av det patriotiske ideologikomplekset frå tida fram mot 1814, der idealiseringa av odelsbonden er det mest kjende. Grunnlovsverket av 1814 står i teiknet til folkestyret og den konstitusjonelle borgarfriheten. Og det med rette. Men ei anna sida ved dette forfatningsprosjektet er at det blir sett mykje strengare individuelle krav til den nye grunnlovsborgaren. Den moderne eigedomsretten blir sett gjennom og konsekvent handheva med hard hand. Til dels hardare enn i den enno eineveldige, men åtskilde tvillingbroren Danmark. Fylgjene for småkårsfolket er store. Tukthusa blir fylte opp snøggare enn nokon gong før etter 1814. At lista for å vere ein fullgod statsborgar i høve til tidlegare kongeleg undersøtt låg

høgare, kan òg ha vore med på å radikaliserare skepsisen mot evna jødane måtte ha for å bli nasjonale borgarar.

Det norske konstitusjonelle jødeforbodet føyer seg inn under eit fenomen kjent som «antisemittisme utan jødar». I motsetnad til i Danmark og Sverige var det ikkje noko jødisk miljø i Noreg i 1814. Utmaninga var ikkje å lovregulere jødisk nærvære. Innreiseforbodet mot jødar blei som kjent oppheva i 1851, men ifylgje forfattaren var det så seint som i 1865 berre 65 jødar i Noreg. Den norske «jøden» blir i eigenskap av å ein vere ein grunnlovsbestemt figur til ein abstrakt jøde. På denne måten er han saman med jesuitane ein antipode til dei andre grunnlovsbestemte figurane: bonden, byborgaren og embetsmannen. Den abstrakte jøden var som ein skugge skild frå dei røynelege jødane. Dei kasta difor ingen skugge. Fall berre inn under han som blinde fakta i form av gløynde einskildsaker. Akkurat dette siste absurde og tragiske kjem svært godt fram i denne boka.

Denne grundige undersøkinga av korleis den såkalla «jødeparagrafen» blei handheva 1814–51 føyer seg inn i eit større historiografisk brigde dei seinaste tiåra. Den stadig meir reinskorne rolla holocaust har fått som ei antisivilisatorisk aksling i historia har forgreiningar ut i ytterkantane av dette verdshistoriske dramaet. Og der støyter vi på den norske «jødeparagrafen» av 1814 i ei elles liberal og demokratisk forfatning skriven i utkanten av Europa. Men-

neskerettsrevolusjonen og minoritetsvern er samtidige fenomen som hentar historisk meining frå denne sannkjende, men like fullt uforstålege fortida. Samanhengen mellom det sannkjent uforstålege fungerer som ein spore for meir historieskriving i randsonene. Den historiske lagnaden åt jødane i Noreg er difor kan hende det fremste dømet på det vi kunne kalle slike «blinde fakta» i norsk historievitskap. Sannkjent, men utanfor det nervesystemet som gjer denne historia synleg i den nasjonale forteljinga. Dette nervesystemet visualiserer slik alle forteljingar er biletskapande når kjenslene er sette i spel og dimed gjer seg til sjølv drivkreftene i historia. Historiemålarstykket saman med dei historiske fiksjonane i meir eller mindre litterære utgåver er difor mektige sjangrar i forteljinga om kven vi er. Kva hjelp for fantasien og tanken har vel ikkje Noregs mest kjende historiske biletmotiv «Eidsvold 1814» vore?<sup>5</sup> At målarstykket blei til lenge etterpå og inneheld ei rekkje empiriske feil, spelar ei underordna rolle. Det er blitt vårt bilete av kva som skjedde på Eidsvoll denne nasjonale fridomsvåren. Men jøden trer inn i historia som ein mørk skugge i vårsola dette uventa mirakelåret 1814. Ein skugge som løyner det aller største brotsverket den mørkaste hausten i norsk historie, november 1942. I mars 1942 førde Quisling-regimet den såkalla jødeparagrafen inn att i ei Grunnlov som var sett ut av kraft. Jødane i 1814 og 1942 har vore

5. «Eidsvold 1814» som framstiller Riksforsamlinga og heng utstilt i Stortinget, er måla av Oscar Arnold Wergeland (1844–1910) mellom 1882 og 1885.

underleg usynlege – løynde i skuggen av ein grunnlovsparagraf, om enn av ulike årsaker. I seinare år har det heller uskarpe, tilfellelege fotografiert av lasteskipet «Donau» liggjande ved kaien dagen jødane blei deportert til Tyskland og seinare til utryddingsleirane, blitt freista brukt som ei visualisering av dette største brotsverket mot manneætta sett i gang på norsk jord, eksevert av norske polititeneestemenn. På same vis har opphavet åt den famøse jødeparagrafen på Eidsvoll 1814 vore ei gåte. Kva skjedde eigentleg i konstitusjonskomiteen mellom 16. april og 4. mai? Men til liks med deportasjonen i 1942 har det usynlege her òg vore plassert i kategorien det banale, som ei provinsiell attergløyme bygd på folkelege fordomar. Dersom norske styresmakter under okkupasjonen berre var ein liten medvits- og så godt som viljelaus maskindell i Det tredje rikets monstrøse brotsverk, så var det vel like mykje av eit uhell som førde til utforminga av det ålmenne forbodet mot jodar på norsk jord nedfelt i Grunnlovas § 2 i 1814?

Frå og med 1990-åra har den norske vanlagnaden åt jødane blitt freista henta fram or banalitetens

mørker gjennom nye historiske framstillingar av okkupasjonstida. Men i den akademiske historieskrivinga har heilt til nyleg deportasjonen av jødane vore lite handsama. Det er karakteristisk at erfaringshistoriske, kriminologiske, journalistiske og historiografiske framstillingar har gjort dei blinde fakta til ei ny synleg historie som har brote opp det konvensjonelle biletet av krigstida i Noreg.<sup>6</sup>

Fyrste steget i å rykkje jødeparagrafen ut av banalitetens mørker er å setje han inn i eit gjennomlyst komparativt perspektiv. Og her gjer Frode Ulvund med sin svært grundige studie nybrotsarbeid på to frontar samstundes, både den rettslege handhevinga og den historiske konteksten.

Frode Ulvund har med denne boka levert eit imponerande stykke historievitskapleg arbeid. Her har empirisk nybrotsarbeid gjeve oss nytt syn for denne historia.

6. Kriminologen Per Ole Johansen var tidleg ute med å kople skeptiske haldningar i det norske byråkratiet til flyktningar i 1930-åra til kollaborasjon i politiet under okkupasjonen. P. O. Johansen, *Oss selv nærmest. Norge og jødene 1914–1943*, Oslo 1984. I band 2 av det store verket om historia åt jødane i Noreg blir den antijødiske politikken i Noreg grundig saumfaren for fyrste gong. O. Mendelsohn, *Jødernes historie i Norge gjennom 300 år*, bd. 2, Oslo 1986. I 1995 publiserte journalisten Bjørn Westli ein artikkel om likvidasjonen av jødisk eigedom i samband med deportasjonen i avisa *Dagens Næringsliv*. I 1996 sette regjeringa ned det såkalla jødebutvalet som førde fram til etableringa av Holocaust-senteret i 1997. Historikaren Synne Correll har gjort det ho hevdar er omskrivingar av holocaust i Noreg i den historiefaglege litteraturen til emne for analyse i eit nyleg publisert verk, S. Correll, *Krigens ettertid. Okkupasjonshistorien i norske historiebøker*, Oslo 2010. Jf. også B. Bruland og M. Tangestuen, *The Norwegian Holocaust. Changing views and representations*, *Scandinavian Journal of History*, 36, 5, desember 2011: 587–604.